

Brøytstikkene på plass, la dei stå i fred!

26.10.2010



Brøytstikkene er på plas, også i Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Vi likar det lite, men det er eit nødvendig faktum: Entreprenør E. Opedal & Sønner gjer no vegane våre klare for brøyting.

Siste dagane er mange hundre brøytstikker kome på plass langs vegane som dei skal brøyta i vinter. Statens vegvesen oppmodar folk om å la brøytstikkene få stå i fred.

Vi har alt fått føling med kva vi har i vente. Og no minner E. Opedal & Sønner oss på at det nærmar seg brøytetid igjen.

Byggjeleiar Kenneth Lyngsgård i Statens vegvesen, Voss og Hardanger, ber HusnesNett retta ei oppmoding til alle som ferdast langs vegane om å la brøytstikkene få stå i fred. Tidlegare vintrar har det hendt at stikkene har blitt rivne opp og kasta inn i skogen.

Entreprenøren ventar i det lengste på denne tida av året med å setja opp brøytstikkene, slik at dei frys fast i jorda, seier Lyngsgård. Likevel hender det at nokon finn det morosamt å riva stikkene opp og kasta dei inn i skogen.

Det tykkjer Statens vegvesen sin representant er veldig dumt, fordi brøytstikkene er til stor nytte for dei som brøyter, ofte i mørket på nattetid.

– Så la dei få stå i fred, er oppmodinga.

Av Kristian Hus